

Sjefen sjølv på dugnad

RADØY: Atle Ove Martinussen, direktør på Museumssenteret i Hordaland, tok malarkosten fatt på utvandringssenteret på Sletta denne veka.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

– Me prøver å koma oss rundt på dugnad på dei sju avdelingane som ligg under museumssenteret minst annakvart år, seier Atle Ove Martinussen medan han svingar malarkosten på smijernsgelenderet på Emigrantkyrkja på Sletta.

Måndag var dei tilsette på museumssenteret i Salhus på Vestnorsk utvandringssenter. Der utførde dei naudsynt vedlikehald på dei gamle bygningane. Og eitt av husa som fekk merka det, var kyrkja.

– Dugnad fungerer og fint sosialt. Dei tilsette vert betre kjende, samstundes som dei får meir kunnskap om dei ulike avdelingane våre, seier Martinussen.

Før dei tok fatt på jobbinga fekk dei ei orientering om utvandringssenteret.



RYDDA: Det vart også rydda og planta rundt Emigrantkyrkja.

Registrering

– Det er ei fin hjelp for oss at folka frå museumssenteret er her, sjølv om me har mange frivillige som gjer ein stor dugnadsinnsats og, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland til Strilen.

Denne dugnadsdagen har dei mellom anna fått gjort registrering av mange gjenstandar som utvandringssenteret har, men som til no ikkje har vore skikkelig registrerte.

– Det har kome nye krav til slik registrering, forklarar Dyrkorn Heierland.

Olja tak

Dugnadsfolka fekk mellom anna olja taka på nybyggjarhuset og



SOSIALT: Atle Ove Martinussen, direktør for Museumssenteret i Hordaland på Salhus, sytte måndag for at gelenderet på Emigrantkyrkja på Sletta fekk eit etterlengta malingsstrøk. Han meiner dugnad også fungerer fint sosialt for dei tilsette ved museumssenteret.



DUGNAD: Under dugnaden på Sletta fekk både skulemeisterhuset og nybyggjarheimen naudsynt maling og oljing.

skulemuseet. Begge er utstyrte med trefliser på taket, og desse treng å innsetjast med olje med jamne mellomrom, for at dei ikkje skal rotne.

Også innvendig i skulemeisterstova vart det mala. Der skal det koma ei ny utstilling om 99th Infantry Battalion. Denne er no under utforming.

– I tillegg har me fått rydda litt rundt husa, planta ein del blommar og liknande, seier Dyrkorn Heierland.

Ikkje spel

Ho kan elles fortelja at det ikkje vert noko av framføringa av sogespelet «Amerikafeber» i sommar slik planlagt.



KJEKT: – Det er kjekt å koma seg ut av og til, seier Trond Helland Oddekalv til Strilen. Han er til dagleg handverkar i Trikotasjemuseet i Salhus, men bur i Meland. Her oljar han treflisene på taket på skulestova på utvandringssenteret.

– Me har rett og slett ikkje greidd å få tak i aktørar til nokre av dei viktigaste rollane i spelet, seier ho.

Målet er no å få til framsynningar neste år.